

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 21.05.03 **Tid:** 12.30-18.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Liv Berit Khadoor
Eva Hellevang

I staden møtte:

Jan Helge Langeland
Øyvind Røen

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef under handsaminga av sak 17/03 og 21/03 . Kulturkonsulenten var med under synfaringa frå kl. 12.30-14.30. Ordførar og Ass.adm.sjef var til stades under heile møtet.

Merknader:

Margot Hisdal vart funnen gild under handsaminga av sak 17/03.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22. mai 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tilleggssak 21/03: Uttale tannklinikken i Samnanger kommune. Sak 17/03 og 21/03 vart handsama før sak 16/03.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Helge Reistad stilte spørsmål om kor tid ballbingen på Nordbygda skulle komma. Ass.adm.sjef orienterte om at den vil verte plassert i løpet av sommarferien. Kommunen ventar på tilsegn frå fylket.

Sigmund Dyrhovden stilte spørsmål i samband med trafikksikringsarbeidet om kommune burde få til fysisk adskilt gangveg langs vegen på Haga, i staden for berre ei kvit stripe i vegen. Barna føler seg utrygg på denne strekninga og brukar denne vegen til skulen.

Ass.adm.sjef viste til trafikksikringsplanen og at det er lagt inn samanhengane gangveg frå Ådland til Tysse som nytt tiltak. Det er høve til å presisere einskilde strekningar i samband med handsaminga av planen i sak 18/03.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ass.adm.sjef orienterte om barnehageopptaket og opning av 10-12 nye plassar i Ådland gards og friluftsbarnehage. Dette har ført til at det ikkje er mange på venteliste utan noko tilbod. Me manglar nokon (2-3) småbarnsplassar og om lag 7-8 barn har ønskje om å få utvida tilbodet sitt med ytterlegare 1-2 dagar for veka. Det står ledig nokon onsdagar.

Ass.adm.sjef og teknisk v/Steinsland har vore i kontakt med Fortunen arkitektar og lagt fram dei ulike alternative forslaga til framtidig skule og barnehagestruktur i tråd med vedtak i PØ. Fortunen kjem på synfaring fredag 23.05.03, og vil snarast råd leggje fram ei skisse til arbeidsgruppa før ferien.

Ass.adm.sjef orienterte om at sosialeiar tek sikte på eit 1. møte i arbeidsgruppa på rusplanen før ferien.

Margot Hisdal orienterte om arbeidsgruppa sitt arbeid med mobbeplanen. Planen er nesten ferdig og me tek sikte på handsaming i oppvekst og omsorg i september-møtet.

Guttorm Brattebø frå Helse Vest orienterte om ambulansetenesta og korleis dei vil organisere tenesta frå 15.juni 2003.

Oppvekst og omsorg vedtok med 4 mot 3 røyster å ikkje gje tilskot til Scalloway – stein til Shetlandmonumentet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0016/03	00/00247 STOLPANE SKULEHUS- SØKNAD OM Å FÅ SKULEHUSET TIL ÅDLAND.
0017/03	03/00072 HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA 2003 - 2007
0018/03	00/00301 TRAFIKKSIKRING - PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE ENDELEG VEDTAK
0019/03	03/00211 SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER DRIFTSMODELL OG VEDTEKTER
0020/03	03/00056 KULTURMIDLAR 2003, TILSKOT TIL KOR FRÅ LITAUEN
0021/03	02/00340 TANNKLINIKKPLAN 2004 - 2007 UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

0016/03

STOLPANE SKULEHUS- SØKNAD OM Å FÅ SKULEHUSET TIL ÅDLAND.**Framlegg til vedtak::**

Det er svært positivt av "folket" på Ådland å ta initiativ til å flytte Stolpane skulehus til Ådland, og stå for seinare drift. Det er slike samarbeid kommunen ønskjer i framtida! Men sidan både Nordbygda og Gjerde skule har vist stor interesse for å få eit skulemuseum knytt til ein av skulane, og utvalet har vedteke (sak 10/01) plasseringa, bør vi halde fram med den løysinga.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:" Tidlegare vedtak om plassering av skulehuset på Stolpane vert oppheva. Kommunen vil i staden at skulehuset vert flytta til Neset på Ådland, og oppsitjarane på Ådland får ansvar for dette. Kommunen forhandlar med oppsitjarane om ei avtale om bruk og vedlikehald av huset, men det bør framleis vera i kommunen si eige. Avtalen skal vera klar innan utgangen av 2003.

Utskrift av dette vedtaket vert sendt til medlemene i SU-utvalet i Nordbygda."

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tidlegare vedtak om plassering av skulehuset på Stolpane vert oppheva. Kommunen vil i staden at skulehuset vert flytta til Neset på Ådland, og oppsitjarane på Ådland får ansvar for dette. Kommunen forhandlar med oppsitjarane om ei avtale om bruk og vedlikehald av huset, men det bør framleis vera i kommunen si eige. Avtalen skal vera klar innan utgangen av 2003. Utskrift av dette vedtaket vert sendt til medlemene i SU-utvalet i Nordbygda

0017/03

HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA 2003 - 2007**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Margot Hisdal sette fram følgjande framlegg til endring i punkt 5.3.1: "Institusjon og open omsorg : Det må arbeidast med eit nærare samarbeid mellom institusjonen og open omsorg. Føremålet vil vera å oppnå eit betre samarbeid av tenesta. Personalet vil få ein meir variert arbeidskvardag og høve til å kunne fylgja opp brukarar som nyttar både institusjon og open omsorg."

Det vart røysta over framlegget til handlingsplan og framlegget frå M.Hisdal til nytt punkt til 5.3.1. Planen med nytt punkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Handlingsplan for eldreomsorga 2003-07 vert samrøystes vedteken med nytt 5.3.1:

Institusjon og open omsorg :

Det må arbeidast med eit nærare samarbeid mellom institusjonen og open omsorg. Føremålet vil vera å oppnå eit betre samarbeid av tenesta. Personalet vil få ein meir variert arbeidskvardag og høve til å kunne fylgja opp brukarar som nyttar både institusjon og open omsorg.

0018/03

TRAFIKKSIKRING - PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE ENDELEG VEDTAK

Framlegg til vedtak:

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: ”Samnanger kommune vedtek trafikksikringsplanen slik den ligg føre med følgjande merknader: RV7: Strekninga Gullbotn-Ådland - Utvide buss-stoppet i Beinavika. Aukande trafikk-kontrollar frå politiet, og utbetre sideareala langs RV7 for å hindre utforkøyningar. Uarbeide sjekklister for trafikksikringstilhøve når kommunen handsamar planar, frådelingssaker og byggesakar.”
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek trafikksikringsplanen slik den ligg føre med følgjande merknader: RV7: Strekninga Gullbotn-Ådland - Utvide buss-stoppet i Beinavika. Aukande trafikk-kontrollar frå politiet, og utbetre sideareala langs RV7 for å hindre utforkøyningar. Uarbeide sjekklister for trafikksikringstilhøve når kommunen handsamar planar, frådelingssaker og byggesakar.

0019/03

SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER DRIFTSMODELL OG VEDTEKTER

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: ”Samnanger kommune godkjenner vedtekter for SFO slik dei ligg føre og vel alternativ B: lokaltilpassa modell som driftsgrunnlag i SFO.”
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner vedtekter for SFO slik dei ligg føre og vel alternativ B: lokaltilpassa modell som driftsgrunnlag i SFO.

0020/03

KULTURMIDLAR 2003, TILSKOT TIL KOR FRÅ LITAUEN**Framlegg til vedtak::**

Det vert gjeve eit tilskot på kr 2 000 til konsert med litauisk jentekor i Haga kyrkje. Tilskotet vert å føra på post 1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert gjeve eit tilskot på kr 2 000 til konsert med litauisk jentekor i Haga kyrkje. Tilskotet vert å føra på post 1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk.

0021/03

TANNKLINIKKPLAN 2004 - 2007**UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune viser til tidlegare uttale i sak 14/02 og held fast på dette vedtaket.

Samnanger kommune meiner at innbyggjarane skal få tilbod om tannhelseteneste der dei bur.

Det inneber ein desentralisert struktur, og kommunen sluttar seg til regioninndelinga

Samnanger høyrer under.

Samnanger kommune vil samstundes understreka at det er viktig å oppretthalde bemanninga

ved klinikken slik ho er i dag med m.a. 100% stilling for tannlege. Rekruttering til stillinga har

til tider vore problematisk, og det er av den grunn naudynt å oppretthalda tannlegestillinga

som heil stilling. Sidan det ikkje er anna tannlegetilbod i kommunen, vil det vera eit

kundegrunnlag i betalande klientell som er med å styrkja innteninga ved klinikken på Tysse.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune viser til tidlegare uttale i sak 14/02 og held fast på dette vedtaket.

Samnanger kommune meiner at innbyggjarane skal få tilbod om tannhelseteneste der dei bur.

Det inneber ein desentralisert struktur, og kommunen sluttar seg til regioninndelinga

Samnanger høyrer under.

Samnanger kommune vil samstundes understreka at det er viktig å oppretthalde bemanninga

ved klinikken slik ho er i dag med m.a. 100% stilling for tannlege. Rekruttering til stillinga har

til tider vore problematisk, og det er av den grunn naudynt å oppretthalda tannlegestillinga

som heil stilling. Sidan det ikkje er anna tannlegetilbod i kommunen, vil det vera eit

kundegrunnlag i betalande klientell som er med å styrkja innteninga ved klinikken på Tysse.